

## **Saksprotokoll 17.09.2020 - kontrollutvalet**

### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan informasjonstryggleik og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

På bakgrunn av det som kom fram i orienteringa frå Deloitte vart kontrollutvalet samde om at det ikkje skal gjennomførast nettfiskeforsøk i samband med denne forvaltningsrevisjonen. Utvalet vil likevel at det må komme klart og tydeleg fram i revisjonsrapporten at det er ei forventning om at Vestland fylkeskommune sjølv kjem til å gjennomføre eit nettfiskeforsøk innan rimelig tid.

Dette medfører at det må gjerast justeringar i den vedtekne prosjektplanen. Deloitte vert difor beden om å levere forslag til justert prosjektplan innan 23.09.2020. Kontrollutvalet gjev kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne justert prosjektplan.

Etter dette vart slik vedtak samröstes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte om at det ikkje skal gjennomførast nettfiskeforsøk i samband med forvaltningsrevisjon innan informasjonstryggleik. Utvalet ber likevel om at det må komme klart og tydeleg fram i revisjonsrapporten at det er ei forventning om at Vestland fylkeskommune sjølv kjem til å gjennomføre eit nettfiskeforsøk innan rimelig tid.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til justert prosjektplan for denne forvaltningsrevisjonen innan 23.09.2020.
3. Kontrollutvalet gjev kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne justert prosjektplan.